



Låganåso og Geitedalstind bada i sol Påskehelga. Vi håpar det blir minst like fint komande helg!

Festidalen og Kvinnherad Fjellsportgruppe inviterer til COMBO komande helg.

Nytt av året er Festidalen og Facebookgruppa Vi Venene sitt samarbeid om kosetur til Låganåso på laurdagen.

I løpet av helga kan ein blant anna få oppleve føredrag med Åshild Baldersheim, topptur til Geitedalstind og Omnatind, middag frå Elins Matgleder, quiz og konsert med Hvite Gjerde på Dønhaug.

Toppturcampen tek max. 20 deltakarar og ein bør vera i normalt god turform.

Om ein finn toppturane litt for krevende, men likevel har lyst å ta del i Festidalen si COMBO helg, så har Festidalen og eit alternativ til dei. Festidalen har nemleg slått seg saman med Vi Venene om å arrangera kosetur til Låganåso på laurdagen.

På programmet har ein blant anna grilling, konkurransar og leikar. Forhåpentlegvis kan ein og få kosa seg med synet av dei spreke deltakarane som kjem på ski ned i frå Geitedalstind litt utpå dagen.

Fullstendig program over COMBO skicampen finn ein på nettsida til Festidalen

Prisar:

Deltaking på fjellsportgruppa sin toppturcamp, inkl topptur fre/laur, middag fre/laur, føredrag/skifilm fredag, afterski/konsert laurdag kr 1500,- for DNT-medl, kr 1700,- for ikkje-medl. Overnatting kr 300,- pr natt.

Deltaking på Festidalen/Vi Venene sin kosetur til Låganåso, middag i kjedlaren, quiz, konsert, DJ kr 800,-.

Deltaking kun på kosetur til Låganåso kr. 100,-

Påmelding:

Toppturcamp : Erlend Hellingsrud, tlf 472 60 535

Kosetur og afterski inkl middag til: post@festidalen.no.

For meir info ring:

Bjørn Olav Tveit, tlf 472 36 187 eller Åsmund Lilleaas, tlf 481 60 801

Påmeldingsfrist: Onsdag 23.april

Tekst, foto & nett: Anita Enæs



Combo er ei allsidig oppleving